



Sak 6: Nei til EU som organisasjon

6.1 Arbeidsgruppe for organisasjon:

Forslagsstiller: Styret

6.1.1 Mandat:

Arbeidsgruppa skal drøfte Nei til EUs organisasjon og eventuelt foreslå endringer i rådets rolle og oppgaver. Arbeidsgruppa skal også innhente synspunkter fra dagens rådsmedlemmer, andre i organisasjonen og ifra nei-alliansen.

Arbeidsgruppa rapporterer til rådsmøtet våren 2026. Rådsmøtet avgjør om arbeidsgruppa skal fortsette sitt arbeid i en ny periode.

6.1.2 Sammensetning av arbeidsgruppa:

- Lill Fanny Sæther, rådet – leder
- Tore Ruud, Troms NtEU – nestleder
- Hanne Berg-Johansen, Østfold Nei til EU/rådet
- Anita Utsola, Rogaland NtEU
- Jane Nordlund, Hordaland Nei til EU
- Heidi Larsen, styret
- Bjørn Lande, styret
- Arne Byrkjeflot, styret
- Repr. for HK-klubben
- Repr. for UmEU

Bakgrunn for debatten

(Til styret 18.8.2025 fra Hordaland Nei til EU v. leiar Toril Mongstad)

Styret i Hordaland NtEU ønskjer å ha sak om NtEU som organisasjon på rådsmøtet i november 2025.

Konkret tenkjer me følgjande spørsmål / tema:

Fungerer hierarkiet i organisasjonen hensiktsmessig?

Kva skal vera Rådets rolle? – sandpåstrørar til styrets vedtak, eller eit sjølvstendig styringsorgan som tek avgjerder på viktige saker som ikkje kan utsetjast til Landsmøtet?

Innhaldet på rådsmøta er mykje i form av orienteringar, fagpolitiske innlegg og tilhøyrande debattar. Det vert brukt mykje tid på fråsegner som me ikkje heilt veit kvar hamnar. Innkomne saker, som er delegatane sine innspel, vert innstilte på ikkje-handsaming frå styrets side. Det legg klare føringar for rådets handsaming av sakene. Av 20 direkte valde rådsmedlemer, møter ca halvparten. Kan det dette ha noko med Rådsmøtets innhald å gjera? Generaldebattane er ofte gode, og det er bra at det etter kvart er sett av meir tid til desse.

Korleis kan fylka aktiviserast meir og samspelet mellom sentralt og fylka betrast?

Me opplever ofte ein for stor avstand mellom sentralt og fylkesorganisasjonen representert ved 19 fylkestyre. Rett nok har me fylkesleiarmøta, men desse ber meir preg av einvegskommunikasjon / orienteringar. Fylka sine inntekter er kontingentrefusjon, sentrale

kostnader har auka dei seinare åra og fylka dekkjer store delar av desse. Dette gjev fylka mindre handlingsrom. Bør fleire midlar kanalisert til fylka?

Landsmøtet, det øvste styringsorganet i organisasjonen, fungerer det hensiktsmessig?

Kva med å la fylkesstyra få ei større rolle her? Det kunne fremja både engasjement og deltaking i strategiske diskusjonar og vedtak. Det vert ofte brukt mykje tid på diskusjon om vedtektsendringar, det same gjeld fråsegner. Det vert brukt mindre tid på å diskutera om organisasjonen fungerer hensiktsmessig. Treng me tenkja nytt? Medlemstalet går ned, det er alltid eit dårleg teikn for ein organisasjon. Drøftinga går på kva me kan gjera for å auka inntektene, ikkje på kva som er årsaka til nedgangen. Utgiftspostane synest fastlåste, og er i liten grad diskutert.

Styrets rolle.

Me må våga å stilla spørsmål om styret fungerer optimalt. Me ser lite utoverretta verksemd, og me er svært lite framme i presse og media. Me har ein leiar og to nestleiarar, kor mykje av deira tid går med på å setja NtEU på dagsorden? Kva samarbeid og kontakt har styret med dei mange fylkeslaga?

Me ønskjer dette innspelet som starten på ein god debatt om organisasjonen vår. Me veit at dersom det skal gjerast større endringar, er dette saker som må avgjerast i eit landsmøte, og som må vera godt førebudde.

Me vil likevel koma med eit forslag til vedtak til programposten:

Rådsmøtet vedtar å arbeida vidare med saka og vil be styret leggja fram ny sak basert på diskusjon og innspel i dette rådsmøtet på nytt rådsmøte våren 2026.